

105571

Når bondevettet blir borte

Nationen
12/9-90

DEBATT

Av Arne Størnes **STØRNES**

Nei, eg held ikkje *Nationen* lenger. Eg er ikkje medlem av Norges Bondelag heller, enda eg antagelig er den, eller var den, yngste som har fått kretsmanndiplomet (22 år), og hadde som formann i ungdomsutvalget i Innherreds krets flest organiserte studieringer i landet vårt.

Etter at eg tok hovudfageksamen i historie, 60 år gammel, og syntes å få innsikt i kor lite våre professorer visste når ein kom inn på dette. Eg tenkte det måtte bli ei riktig studiebok for bl.a. Norges Bondelag.

Per Høivaag, ein innsiktig og skrivefør person, og kjent bondelagsmedlem i Hamarøy, sendte ei bokmelding til *Bondebladet* om denne almuens historie: Spor i vår historie 1814-1870, men han fekk ikkje plass. Han snakka så med redaktøren i telefonen, som innrømte at han hadde manuskriptet på pulten sin, men lenger kom det altså ikkje.

Norges Bondelag har råd til å «sponse», men bondealmuens historie, våre ærerike demokratiske røtter frå 1814 og utover, er utan interesse.

I staten les eg om spannkasting, kaill-kauk og spyting. Det er ikkje stort betre med *Nationen* heller.

I den seinre tid har eg med 2-3 bøker prøvd på å avdekke tabuområde i vår okkupasjonstid og ettertid med: «Spor i vår nære historie» og «Sataniske glør», utgitt 1988 og 1989. Oberstløytnant Anton Olsad har i *Morgenbladet* 1988 skrive at det er ei godt balansert bok, og det er presse-sensur å prøve å tie den ihel. Men det er akkurat det som bl.a. *Nationen* har gjort.

Eg har tre kopiar av bokmeldinger som er sendt *Nationen* hausten 1989, men ingen har fått plass.

Nationen har fått bøkene og fleire oppfordringar om omtale frå folk som står *Nationen* nær. Nyttelaust.

Vel, også i år, oktober, kjem det ut eit «Skrift om vår nære historie», forhandsbestilling kr 60,- portofritt. Med disse tre skriftene vil glansbildene av Trygve Lie, Terje Wold, Paal Berg, Eivind Berggrav og vel også Otto Ruge forsvinne. Det er maktsjuka mennesker i skrøpelighet som blir stående igjen. Bøkene 1-3 vil bli innbundne i solid plastbind, særlig med tanke på skoler og bibliotek, og ellers samfunnsinteresserte personer.